

FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 3 - JUNI 2026
ÅRGANG 49



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:
Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjeverje
Harald Rydland 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kantor:
Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:
Eli-Johanne Rønnekleiv 906 53 562
eliron@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:
Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar
Elisabeth S. Oma 452 74 335
eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister
Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

Soknerådsleiar:
Mette Lambach 473 76 423
mette.lambach@gmail.com

Nestleiar sokneråd:
Svein Lunde 971 59 009

Bakken barnehage:
Serina Sørfohn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:
kontonr. 3546.29.05805
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Konfirmasjonsgudsteneste
Ole Sandvik

Redaksjonelt

Å ta vare på kvarandre

Det var fint å få vere med på sommarturen til Salhus som diakoninemnda skipa til. På førehand hadde eg tenkt at eg ville prøve og lære namna til alle dei som var med på turen. Det veit eg at eg ikkje klarte, men eg fekk iallfall helst på mange og lært namna på nokre.



Eli-Johanne Rønnekleiv

Då vi skilde lag på Sandvikvåg, greip eg mikrofonen i bussen og sa kva eg hadde prøvd på, men ikkje heilt lukkast med. Og at kvar og ein gjerne må kome bort til meg ved eit anna høve, seie at vi har vore på tur til Salhus i lag – og eg heiter...

Eg nytta også høvet til å la turfølgjet bli litt betre kjent med meg og historien min.

Det er jo slik at når vi får nokre år i livet, så kan kroppen få ulike skadar og lyte – og det kan vere vanskeleg å sjå og finne vegen vidare i livet.

Då treng vi kvarandre. Vi treng den gode grannen som ser og trør til med praktisk handling. Vi treng våre næraste rundt oss. Vi treng ein arbeidsgjevar som tek vare på oss, og stundom treng vi også profesjonelle hjelparar. Vi treng ein kyrkjelyd som tek imot oss anten vi kjem med takk eller tårer.

Sommaren kan vere lang for den som er sjuk, eller på andre måtar hindra i å ta del i late og glade feriedagar. Men eg trur Fitjar er ein bra stad å vere uansett livssituasjon.

På turen til Salhus var det mange som sa namnet sitt til meg – og så la dei til:

«...og vi er gift inn i slekt med kvarandre – vi er sysken – vi er naboar der og der i bygda – vi er ein liten flokk som samlast og går tur – vi drikk kaffi og et vafler i lag – vi badar ilag – vi ber i lag – vi les Bibelen saman...»

Desse relasjonane vitnar om ei evne til å ta vare på kvarandre.

Og då gjer vi det Jesus byd oss å gjere.

Slik også Paulus skriv til i brevet til Galatarane 6,2:
Ber børnene for kvarandre og oppfyll på den måten Kristi lov.

Signa sumar – vit at kvar søndag er det gudsteneste i Fitjar kyrkje. Og der vil det alltid vere nokon å snakke med.

Sommarinfo:

Det vert ikkje ordinær opningstid på kyrkjekontoret i sommar (22. juni til 7.august).

Treng du kontakt med kyrkjekontoret i dette tidsrommet, kan kyrkjeverje Harald kontaktast på tlf. 913 47 802 eller e-post kyrkja@fitjar.kommune.no

Det vert sommaropen kyrkje i sommar. Den er open måndag-fredag kl. 9.00- 15.00 i tida 22. juni - 21. august.

Jubileumsboka frå 2017

På kyrkjekontoret har me framleis eit lager av den flotte jubileumsboka "Så fast ei borg" som vart gjeven ut i samband med kyrkja sitt 150-årsjubileum i 2017. I jubileumsboka er det mykje interessant stoff som ikkje går ut på dato. Boka kan lesast med like stor glede i dag som i 2017. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du er interessert, så kan du sikra deg eit eksemplar av boka for kr 200.



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset- Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 4. sept. til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 15. sept. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Eli-Johanne Rønnekleiv
- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Marie Willemse
- Rolf-Atle Rølsnes

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

Kyrkjeskyss

Vil du ha skyss til kyrkja?

Då ringjer du ein av desse karane innan laurdag, så ordnar vedkomande med at du blir henta, og at du kjem deg trygt heim etter gudstenesta søndag.

- Johannes Nesse 92 85 02 78
- Nils K. Rydland 90 65 16 17
- Rasmus Fitjar 91 82 41 58

Retting

Kyrkjebladet har vakne lesarar. I bladet som kom ut i mai hadde me ei lita notis om kven av sokneprestane i Fitjar som hatt lengst tenestetid. Her fekk me kjapt melding om at det var ein feil i lista. Thomas Fryknell var sokneprest i Fitjar i tida 1879 - 1899 og inntek dermed 2. plassen på lista saman med John Gunnar Bjørlykke. Herman Inge Aadland er framleis på topp med sine 22 år, medan Olav J. Oma, står på ein god 4. plass.



Thomas Fryknell (foto) var født i Stavanger i 1933. Tenesta hans i Fitjar tok ein brå slutt då han fekk eit kraftig hjareinfarkt under ei brudevigsle i kyrkja 5. august 1899. Brura var dotter til klokkar og kyrkjesongar Johannes Haugland. Thomas døydd 66 år gammal nokre timar etter at hjarteinfarkt inntraff.

«Vidunderligst av alt på jord»

Den siste temakvelden i vår kan på eit vis samanliknast med den siste raketten i fyrverkeriet nyttårsaftan. For ein finale! Og dei som stod for denne finalen, var dei to store tonekunstnarane Knut Reiersrud (gitarar) og Iver Kleive (orgel). Begge har vore her før. Dei var saman hausten 2020. Då fekk me berre opna kyrkje for 100 personar på grunn av pandemien. Kleive var her også eit par år før dette, saman med Sondre Bratland. Også dette var to unike kveldar.

Herman Inge Aadland

Me visste at Iver Kleive var glad i orgelet vårt, og at Knut Reiersrud elska akustikken i kyrkja. Sist han var her, sa han at det var som å sitja inne i ein akustisk gitar og spela.

Denne gongen var det frislepp av folk i kyrkja, og folk kom. Og lukkelege var dei som gjorde det! For denne konserten gav mange av oss ei kjensle av å vera i himmelen sine føregardar. Går det an å gjera det stort betre?

Det var kanskje ikkje alle i forsamlinga som har eit like nært og kjærtilhøve til salmar. Men denne kvelden gjorde noko med det. For du verda for nokon skattar me har. Det gjeld berre å pussa dei blanke. Og er det nokon som evnar det, er det denne kvelden sine eminente musikalske «gullsmedar».

Etter at Benedicte Meyer hadde ønskt velkommen, la Iver Kleive «Jesus Frelser, vi er her» mjukt ut over forsamlinga. Så smelte begge til med heftig påskemusikk: «Som den gylne sol frembryter», malmfullt og intenst. Ingen tvil om krafta i oppstoda der! Deretter kom ei overjordisk vakker framføring av «Jeg ser deg, o Guds lam, å stå.» Utruleg fin samtale mellom instrumenta. Her var heile registeret i bruk.

«What a wonderful world» var også magisk. Me såg for oss blomar og born, fred og harmoni. Men også frykt og strid.

Me fekk vidare «Hesteleitaren» etter Sigurd Garmo frå Lom, innleia av eit forspel av J.S. Bach.

«Krist stod opp av daude» etterlet ingen tvil om at innhaldet er sant. «Åre vere Gud i det høgste!»



«Å, ver hjå meg» fekk me først mildt og mjukt på klassisk gitar og avdempa orgel. Så blanda Knut Reiersrud si flott, karakteristiske bluesstemme seg inn. Du verda kva den guten kan! Det synta han også i «He's got the whole world in his hands». Utruleg overtydande. Han framførde også Inger Hagerup sitt dikt: «Det står en liten løvetann blant andre løvetenner» til melodi av Knut si eiga dotter. Rørande vakkert.

Mot slutten av konserten vart me tekne inn i stoffet frå den siste plata dei to spela inn saman i Nidarosdomen i fjor. Frå denne fekk me først «Jesus, din søte foreining å smake.» Her skildra dei Hans Nilsen Hauge si åndelege oppleving med denne salmen.

Så kom eit anna av kvelden sine monumentale høgdepunkt: «Jesus, du er den himmelveg». Først trygt og innbydande, med eit nydeleg lydbilete. Men så braka det laus: Eit inferno av krigsfly, bomber og granatar. Det var heilt ufatteleg kva effektar dei kunne få ut av orgel og gitar. Det gjekk rett inn i ryggraden på ei fleste av oss. Kva for ei verd er det me lever i? Kva må ikkje folk tola og halda ut medan me kanskje gøymer oss i det vakre og mjuke?

Denne konserten hadde alt! Og me fann ut at ein gitar er mykje meir enn ein gitar. Det er knapt grenser kva som kan uttrykkjast på ein slik når gitaristen heiter Knut Reiersrud. Hjelpe meg! Og tusen takk!

Då var det godt å få avslutta konserten med «Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid» og «Overmåte fullt av nåde». Begge skinande vakkert framførde. Og etter alt dette utruleg vakre og sterke vart eg sitjande at med spørsmålet i det siste verset av «Overmåte fullt av nåde»: «Vi fikk livet, fikk det givet – hva fikk han som har betalt?» Kleive og Reiersrud var tydelegvis kjende med teksten. Elles kunne dei aldri ha slutta slik dei gjorde.

Takk og atter takk for ein magisk kveld!



Er du viljug

Ingeborg Marie Eggen Mundal

*Er du viljug til å dela
den lukka som du sjølv har fått?
Er du viljug til å hjelpa andre
til å få det godt?*

*Er du viljug til å så det gode
kring deg der du går?
Er du viljug til å spreia kring deg
solskin i dei mørke år?*

*Er du viljug til å rydja åk'ren
for kvar liten stein?
Går du ikkje heller kring og grundar
på å gjera mein?*

*Er du viljug til å luka ugras
or din eigen åker først?
Sidan kan du gå til andre
det er då det spørst?*

*Nei, ikkje trur eg det er viljen
som det skortar på,
heller trur eg det er andre ting
du lettare kan nå.*

*Så gløymer du det store
du så gjerne ville gjort.
Men er du heil i all din vilje,
vert det minste og så stort.*

Ein vakker, våt time i fjellet

Det hende at Jesus tok med seg læresveinane og anna folk til fjells. I det heile føregjekk mykje av hans forkynning og undervisning utandørs. 2. pinsedag er dette også blitt ein tradisjon i Fitjar kyrkjelyd. Gjennom mange år no har gudstenesta denne dagen vore lagt til området ved gapahuken ved Kinnavatnet. Der er det nemleg lagt til rette for uttak av straum til høgtalaranlegg og elektroniske instrument. Og der kan orgel og organist krypa i ly - om det trengst. I år kom det høvet sanneleg vel med!

Herman Inge Aadland

Ofte har det vore solskin over store flokkar denne dagen. Opp til 150 menneske har vagla seg i lyngen, og solkrem har vore like viktig som mat. I år var det ikkje slik. Meldingane var dårlege, og mange trudde nok at denne samlinga kom til å bli ein stor nedtur denne gongen. Men slik vart det slett ikkje. For ikkje mindre enn godt og vel 50 tøffingar hadde kledd seg for å møte utfordringane. Denne gongen såg me rett nok berre to born i forsamlinga, men det førte berre til at me andre fekk eit godt høve til å «bli som born att», slik Jesus fleire gonger tilrår oss. Difor vart skattekista opna og liturgien for familiegudsteneste fylgt i eitt og alt. Heilt naturleg.

Og for ei pinsegudsteneste det vart! Her var me tilbake til pinseunderet i Jerusalem. Me fekk høyra at Jesus elsker oss. Og det fekk me på utruleg mange språk, så ingen trong vera i tvil om at den budskapen var til oss alle. Prest og kyrkjelydspedagog, altså Eli Johanne Rønnekleiv og Randi Lønning Matre, heldt oss i ande og fekk formidla evangeliet på beste måte. Her var det våte presteklede, vått hår og kalde hender på aktørane, men det åndelege krutet var tørt og kraftfullt. Mykje god humor vart til etter som regnet viska ut liturgi, preikemanus og liturgi-ark. Men ingen ting av det me trong få med oss, vart borte!

Det vart rett og slett ei minnerik feststund i fjellet! Kanskje ikkje minst for dei som heldt på å rota seg bort i skodda. Det gode var at dei òg fann fram. Og for eit humor og godt fellesskap det vart då kaffi, bollar og sjokoladekake kom fram etter gudstenesta! Det er godt å høyra til i Fitjar kyrkjelyd. Og me ser med glede og optimisme fram til 2. pinsedag 2027! Tusen takk for ei fin stund!

Konfirmasjonsglimt



Foto: Ole Sandvik



Song av Rebecca Hammersland





Bak frå venstre: Jonathan Torvund Midtsæter, Oliver Brakedal, Gard Sandvik Bø, Magnus Devik, Aleksander Tveit Lillenes, Tiran Rydland, Sverre Våge Helland, Emil Winterthun Nilsen, Jakob Sørfonn, Elias Bernes

Midten frå venstre: Jon Olav Rimmereid, Olai Koløen Gravdal, Lukas Helland Gjøsæter, Mar Lourence Amores Tufeland, Marius Ivarsøy Baardsen, Tobias Navdal Vik, Sølve Rommetveit, William Gjøsæter, Chris André Nordeide Helland, Bjørn-Are Jakobsen.

Framme frå venstre: Nicholas Oliveira Kleppe, Liam Nysæther, Filip Vik, Alexandra Przygocki, Elena Helland Skumsnes, Josefine Brenne, Helena Skarpnes Røyrøy, Jannike Weber, Elena Bukkøy Rydland, Guro Dalen, Pavlo Kalashnikov, Dennis Winterthun Nilsen.

Eli-Johanne Rønnekleiv og Randi Lønning Matre

Regn, fellesskap og tru på Tentreff

Fredag 5. juni samla Tentreff-ungdommar frå heile bygda til ein kjekk kveld i Breiavikjo. Sjølv om regnet hadde hølja ned gjennom dagen, let ikkje ungdommane vêret setja ein stoppar for samlinga. Då klokka nærma seg åtte, byrja dei første å koma, og snart var det fullt av liv og aktivitet.

Randi Lønning Matre

Mange hadde kanskje frykta at det våte graset og dei mørke skyene skulle leggja ein dempar på stemninga. Slik gjekk det heldigvis ikkje. Tvert imot vart det ein kveld prega av glede og godt fellesskap.

Rundt 25 ungdommar fann vegen til Breiavikjo. Me byrja med nokre kjeke ringleikar, før Ola Sigurd hadde andakt. Han delte tankar om å elska Herren av heile sitt hjarte, med heile si sjel og alt sitt vit. Bodskapen utfordra og inspirerte, og gav rom for ettertanke midt i ein elles aktiv kveld.

Etter andakta stod aktivitetane i kø. Nokon prøvde seg på frisbeegolf, andre utfordra balansen på slackline. Kanoar vart sjøsette, volleyballen heldt seg i lufta, og fleire tok turen ut på vatnet med tråbåt. Det var noko for alle, og det var god stemning gjennom heile kvelden.

Samlinga vart avslutta med gratis pølser og brus, før ungdommane vende heim etter nokre timar fylt med fellesskap, aktivitetar og gode opplevingar.

No ser me fram til fleire samlingar til hausten på fredagskveldane. Ei stor takk til alle vaksne leiarar som stiller opp og gjer slike kveldar mogleg. Me ønskjer alle ein velsigna og god sommar.



Tysdagsklubben

Tysdag 12. mai hadde tysdagsklubben i Øvrebygda avslutning ved Storavatnet. Mange små og store var samla. Dei kosa seg med leikar og åt god mat.

T: Marie Willemse - F: Kjetil Rydland

Randi frå kyrkja snakka fint om at Gud er hos oss sjølv om me ikkje kan sjå han. Ho minna oss på kva pinsa inneber.

Marie snakka med Anna Cecilie, Aurora og Eva. Dei fortalde at dei lika så godt å vera på tysdagsklubben. Fint å læra om Gud og Jesus. Og så lika dei spesielt å få læra seg å snekra. Dei sa at dei elska å vera på klubben. Bollar og saft får dei kvar gong.



Marie i samtale med Anna Cecilie og Aurora.



Litt meir om tysdagsklubben

- Dei som starta klubben var Reidun Ahrens Helland og Karen Elisabeth Rydland Sæbø.
- Det er Søndagsskulen sitt pedagogiske opplegg dei følgjer.
- Først har dei ein halvtime der dei deler barnegruppa i to; Under og over 1. klasse.
- Så har dei forskjellige aktivitetar, som snekring, baking, spel, hobby og teikning.
- I peisestova får dei bollar og saft. Det er alltid rikeleg.
- Elles har dei adventsfrukost 1. søndag i advent, og påskefrukost Palmesundag.
- I mars har dei basar, der overskuddet går til NMS, NML og Søndagsskulen.
- Dei har utedag med natursti i slutten av april, og altså sommaravslutning i mai.
- Desse vaksne er med som leiarar: Hilde Karin Vedøy Eiken, Audun Vedøy, Liv Rasmussen, Marit Nilsine Tislevoll, Hildegunn Sandvik og Gro Rydland.
- Dei som også må nemnast, og som har gjort ein viktig jobb, er Aud Vedøy, Henry Nygård og Ellen Karoline Hovstad.

Takkofferliste

Dato	Kyrkjedag	Formål	Sum
12.apr	2. søndag i påsketida	Kyrkjelydsarbeidet	kr 7 800,00
19.apr	3. søndag i påsketida	Kirkens nødhjelp	kr 9 100,00
19.apr	3. søndag i påsketida	Helgatun	kr 1 400,00
26.apr	4. søndag i påsketida	IMS	kr 2 789,00
03.mai	5. søndag i påsketida	Blå kors	kr 5 400,00
14.mai	Kristi himmelfarts-dag	Normisjon	kr 5 650,00
17.mai	Grunnlovsdag	Kirkens Nødhjelp	kr 11 300,00
24.mai	Pinsedag	Misjonsprosjektet, NMS	kr 14 600,00
25.mai	2. Pinsedag	KUL, kyrkjeleg undervisning og læring	kr 3 500,00
31.mai	Treeinings-søndag	Kirkens bymisjon	kr 7 100,00



Då Fitjar drog til Salhus!

Diakoninemnda inviterte i år til busstur til Salhus Tricotagefabrik og Salhus kyrkje, og det vart ein fin tur nordom Bjørnafjorden. Godt vaksne folk er på plass i god tid – dermed nådde ein ei tidlegare ferje enn planlagt – og måtte vente på presten allereie på Halhjem. I god tid var vi også framme ved Salhus fabrikk og tekstilindustrimuseum der to flinke omvisarar tok imot oss og delte oss i to grupper, sidan vi var så mange.

Eli-Johanne Rønnekleiv


Medan den eine gruppa fekk omvising i fabrikk, fekk den andre gruppa sjå film om den spennande historien til Salhus Tricotagefabrik – som også på mange måtar er historien til framveksten av heile Salhus-bygda. (Nokre hugsar kanskje Krone-Maco; helse-trøyer, bestefarstrøyer, og kortare og lengre underbukser for herrer – solid og nesten evigvarande kvalitet).

Solide og heimelaga var også kjøtkakene vi fekk midtvegs i programmet. Kokka hadde vakse opp på Brandøy, så ho hadde leir-kustus på den store og svoltne forsamlinga. Ikkje kvar dag det blir sunge både bordvers og takkevers på fabrikk!



Så gjekk turen vidare på den smale vegen ned til Salhus kyrkje der staben helste på oss, let oss få ha andakt i kyrkjerommet og koke kaffi i menighetscenteret.

Takk til Halvard Wiik som var solid historieforteljar og muntrasjonsråd i bussen, og til diakoninemnda som hadde laga til ein flott tur. Takk skal også Fitjar kraftlag ha for god støtte som gjorde ein slik dag mulig.



Ruth Skram kjøpte seg ekte Salhusgenser og poserer med den framfor strikkemaskina som den er strikka på.



Fin filmstund om historikken til Salhus Tricotagefabrik

«Den lille veien» - Å stole på Gud som hans barn

Andakt i Olsvik menighetsblad

Luk 18,15–17

De bar også små barn til Jesus for at han skulle røre ved dem. Men da disiplene så det, prøvde de å stoppe dem. Da sa Jesus: «La de små barna komme til meg, og ikke hindre dem! For Guds rike tilhører slike som dem. Sandelig, den som ikke tar imot Guds rike slik som et lite barn, skal ikke komme inn i det.»

Nobukazu Imazu

For omtrent ett år siden var jeg i Tokyo. Plutselig møtte jeg Hayao Miyazaki, en av Japans mest kjente filmskaper fra Studio Ghibli, ute på gaten. Det var helt tilfeldig, i et rolig boligområde i utkanten av Tokyo. Jeg ble helt satt ut.

Jeg visste ikke helt hva jeg skulle si, så jeg endte opp med å spørre: «Er du virkelig Hayao Miyazaki?» Og han svarte helt rolig: «Ja, det er jeg.»

I det øyeblikket tenkte jeg bare at han virket utrolig ydmyk. Kanskje er det nettopp derfor han har klart å lage filmer som Min nabo Totoro (My Neighbor Totoro), som er så elsket av barn over hele verden.

Filmen handler om to søstre, Satsuki på ti år og Mei på fire, som flytter til et gammelt hus på landet i Japan sammen med faren sin. De gjør det fordi moren deres er syk og ligger på sykehus i nærheten. Etter hvert møter de Totoro i skogen ved siden av huset – en stor, hårete og magisk skogsånd. Det fine er hvordan filmen viser vennskapet mellom barna og Totoro på en varm og uskyldig måte.



Nobu var prest i Fitjar frå 2007 til 2015

Satsuki og Mei møter Totoro med et åpent hjerte, uten fordommer. Det fikk meg til å tenke på hva barnlig tro betyr i kristendommen – en enkel og tillitsfull måte å tro på Gud på. Jesus sier jo at vi må bli som barn for å komme inn i Guds rike.

Tro handler ikke om å prestere eller få til alt selv, men om å stole på Gud, slik et barn stoler på foreldrene sine.

Et godt eksempel på dette er Thérèse av Lisieux, som snakker om «den lille veien». Hun sier at vi ikke trenger å gjøre oss selv store og perfekte, men heller erkjenne at vi er små og trenger Gud. Da kan vi stole på hans nåde – litt som et barn som blir løftet opp.

Å ta imot Guds rike som et barn betyr ikke å være umoden eller naiv. Det betyr å våge å være liten nok til å stole på at Gud bærer oss. Slik Satsuki og Mei møter verden med tillit og undring, og slik Thérèse lærte å hvile i Guds kjærlighet, får også vi komme til Gud med det vi er – uten å bevise noe, uten å prestere.

Vi kan hvile i Guds armer uten å være redde, akkurat som et barn som sovner i fanget til foreldrene sine.

Det er noe jeg selv ønsker å leve mer og mer i – den barnlige troen – hver dag.

Amen.



GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

**VAREHUSET
RYDLAND**

TLF: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

elON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre:9-16

Ons-tor:9-18

Laurdag:10-14

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

http://www.fitjar-kraftlag.no - 53 45 76 00

**LERØY
SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

**Stord
Begravelsesbyrå**

Tlf. 53 41 64 05

**PORT
STEINGARD**

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FBS

FITJAR BYGDASERVICE SA
BRØYTING - TREFELLING
TØRE: 95 27 72 01 KARL ANDRÉ: 95 77 95 13



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no



OPNINGSTIDER

Mån,tirs,fre:.....9-16

Ons,tors:.....9-18

Laur (kun drop-in)..10-13

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

*Fiks frisyren
hos oss!*



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

www.gronavikjo.no

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

**Engesund
Fiskeoppdrett**
Visningssenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørffonn
902 27 978

WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no
inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390



Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

Kråko

Kråko Utvikling AS



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Engevik &
Tislevoll a.s
MESTERHUS**

Telefon:

53 45 73 00

E-post:

post@engevik-tislevoll.no



AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



ØYA BYGG

Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

**FITJAR
SMÅBÅT AS**

YAMAHA **pioneer**

Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - http://www.fitjarbaat.no



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639 - baatbygg@kvernernesbaat.no



FOTTERAPEUT

med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18

**Videoen
Kiosk**



VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

K.VOLDEN

Slekters gang

Døpte:

07.06.

Henry Mo Vestbøstad

Jordfeste:

Johnny Arne Reigstad

f. 05.11.1952- d. 13.05.2026

Astrid Dalen

f. 02.03.1932- d. 14.05.2026

Foto: Eli-Johanne Rønnekleiv

Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
21.juni	kl.11:00	4. s. i treeiningstida	Olav Johannes Oma	KABB
28.juni	kl.11:00	5. s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	MF
05.juli	kl.11:00	Aposteldagen	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kirkens bymisjon
12.juli	kl.11:00	7. s. i treeiningstida	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kyrkjelydsarbeidet
19.juli	kl.11:00	8. s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Det teologiske Menighetsfakultetet
26.juli	kl.11:00	9. s. i treeiningstida	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kyrkjelydsarbeidet
02.aug	kl.11:00	10. s. i treeiningstida	Eli-Johanne Rønnekleiv	Stefanusalliansen
09.aug	kl.11:00	11. s. i treeiningstida	Jørgen Knudsen	Misjonsprosjektet NMS
26.aug	kl.11:00	12. s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Den norske Israelsmisjon
23.aug	kl.11:00	13. s. i treeiningstida	Jørgen Knudsen	Trusopplæringa
30.aug	kl.11:00	Friluftsgudsteneste i Moahagen	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kyrkjelydsbladet
06.sep	kl.11:00	Familiegudsteneste søndagsk. dag	Eli-Johanne Rønnekleiv	Søndagsskolen
13.sep	kl.11:00	Konfirmant-presentasjon	Eli-Johanne Rønnekleiv	Ungdomsarbeidet
20.sep	kl.11:00	Familiegudsteneste 4-årsbok	Eli-Johanne Rønnekleiv	Trusopplæringa
27.sep	kl.11:00	18. s. i treeiningstida	vikar	Normisjon